

FRIVILLIGERKLÆRING

SAMNANGER KOMMUNE



MÅL:

1. Setja pris på dei frivillige, og leggja til rette for at deltaking i frivillig arbeid opplevast som positivt og engasjerande i alle aldrar.
2. Bidra til eit meir forutsigbart, konstruktivt og langsiktig samspel mellom kommunen og frivillig sektor.

KORLEIS OPPNÅ MÅLA:

- Sikra forankring, frå administrasjon, politikarar og frivillig sektor.
- Gjera frivilligerklæringa kjent, og bruka den aktivt i kommunen si daglege drift.
- Samarbeid og samskaping mellom kommunen og frivilligheten må baserast på likeverdig partnerskap og gjensidig respekt for kvarandre si rolle. Offentlig og frivillig sektor har ulike, men utfyllande roller. Samarbeidet må byggja på prinsippet om at frivillig sektor skal supplera og ikkje erstatta offentlege tenester.
- Sjå potensialet og ressursane i dei frivillige laga, og la dei frivillige bidra ut frå egne interesser og kapasitet.
- Det må leggjast til rette for å inkludera ALLE, både unge, eldre, nordmenn og innvandrarar. Når det gjeld born og unge, seier art. 31 i barnekonvensjonen at «Alle barn har rett til kvile, fritid og leik, og til å delta i kunst og kulturliv.»
- Samnanger kommune stiller med frivilligkoordinator, som vil vera kontaktperson for alle frivillige lag og organisasjonar. Kommunen forvaltar også tilskotsordningane *Kulturmidlar* og *Vilt- og fiskefondet*, kor frivillige lag kan søkja tilskot kvart år.



TILTAK FOR Å NÅ MÅLA:

TILTAK	KORLEIS	ANSVAR
Møte mellom frivillig sektor og kommunen	Leggja til rette for både formelle og uformelle møter, og rettleing ved t.d søknadskrivning. Arrangera Aktivitetstorg, der frivillige lag får mogelegheit til å visa kva dei held på med.	Frivillige lag. Kommunen v/ frivilligsentral.
Felles arrangementskalender	Arbeida og leggja til rette for at laga/ organisasjonane brukar felles arrangementkalender til ei kvar tid.	Kommunen v/ frivilligsentral.
Oversikt over ulike støtteordningar	Laga ein oversikt over ulike økonomiske støtteordningar, som det går an å søkje midlar frå.	Kommunen v/ frivilligsentral.
Kommunalt tilskot	Halda fram med tilskotsordningar som Kulturmidlar og Vilt- og fiskefondet.	Kommunen.
Marknadsføring	Gjera kjent alt det positive som skjer i Samnanger gjennom avisa, eiga nettside, sosiale medier og brosjyrer.	Frivillige lag. Kommunen.
Inkluderande aktivitetar	Meir breidde og mangfald i aktivitetane. Invitera med folk som ikkje er medlemmer, men som kan bli det på sikt. Ved t.d. å ha opne dagar for alle. Syta for at alle born, uavhengig av foreldre sin sosiale og økonomiske situasjon, har høve til å delta jamnleg i minst ein organisert fritidsaktivitet saman med andre.	Frivillige lag. Kommunen v/ frivilligsentral, kulturkontor og NAV.
Fellesaktivitetar	Samarbeid mellom kommunen og frivillige lag ved t.d stirydding, Samningaveko, TV-aksjonen o.l.	Frivillige lag. Kommunen v/ frivilligsentral og kulturkontoret.
Lån av lokale	Frivillige lag og organisasjonar kan låna kommunale gymsalar og møterom gratis. Betalingsregulativt vert årleg vedteke av kommunestyret.	Kommunen.
Fremja god informasjonsflyt	Frivilligsentralen vil jamnleg senda ut informasjon til laga som kan vera relevant for dei, samt oppdatera informasjon om laga på kommunen si heimeside. Laga må rapportera endringar til frivilligsentralen, t.d kontaktinformasjon, slik at opplysningane til ei kvar tid stemmer.	Frivillige lag. Kommunen v/ frivilligsentral.
Kulturpris	Formannskapet kan kvart fjerde år dela ut kulturpris til einskildpersonar eller lag/organisasjonar. Kulturprisen vert gjeven for særleg fortjenestefull innsats for kulturlivet i kommunen eller for aktiv kulturarbeid over lengre tid.	Kommunen.